



## Fylkesmannen i Hordaland

Saksbehandlar, telefon  
Nina Vadøy, 5557 2316

Vår dato  
06.03.2017  
Dykkar dato

Vår referanse  
2015/3771 471  
Dykkar referanse

Franzefoss Gjenvinning AS avd. Knarrevik  
Postboks 53  
1309 Rud

E-post er sendt til: jan.erik.olsen@franzefoss.no og astrid.drake@franzefoss.no

### Rapport etter tilsyn ved Franzefoss Gjenvinning AS avd. Knarrevik 15. februar

Rapportnummer: 2017.035.I.FMHO

#### Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

Frå verksemda:  
Jan Erik Olsen

Frå Fylkesmannen i Hordaland:  
Nina Vadøy og Mari Katrine Berg

Andre deltakarar frå verksemda:  
Espen Fjell, Astrid Drake, Øyvind Fremstad og Julia Solberg

#### Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten omhandlar avvik og merknader frå inspeksjonen. Dersom vi ikkje får melding om faktiske feil i rapporten innan to veker etter at rapporten er motteken, er rapporten endeleg.

Fylkesmannen i Hordaland fann 1 avvik under inspeksjonen innan følgjande tema:

- internkontroll

Avviket er nærare omtalt frå side fire og utover i rapporten.

Franzefoss Gjenvinning AS avd. Knarrevik må sende ei skriftleg stadfesting innan **1. juni 2017** på at avviket er retta. Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side to.

Mari Katrine Berg  
overingeniør

Nina Vadøy  
overingeniør

*Rapporten er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til: Fjell kommune

## 1. Informasjon om verksemda

<b>Namn:</b> Franzefoss Gjenvinning AS avd. Knarrevik	<b>Risikoklasse:</b> 3
<b>Besøksadresse:</b> Valaskiftet 6, 5355 Knarrevik	
<b>Postadresse:</b> Postboks 53, 1309 Rud	
<b>E-post:</b> gjenvinning@franzefoss.no	<b>Telefon:</b> 67 15 20 00
<b>Kommune:</b> Fjell	<b>Organisasjonsnr.:</b> 980 888 487
<b>Bransjenr. (NACE-kode):</b>	<b>Eigar (org.nr.):</b> 975 265 412
<b>Løyva sist oppdatert:</b> 4.3.2005 og 13.3.2013	<b>Siste tilsyn:</b> 3.11.2011

## 2. Bakgrunnen for inspeksjonen

Tilsynet vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav fastsett i eller i medhald av forureiningslova med forskrifter blir haldne.

Følgjande hovudtema vart kontrollert:

- Mottakskontroll
- Handtering av avfall, inkludert EE-avfall
- Vidarelevering av avfall
- Internkontroll med vekt på risikovurdering, avvikssystem og skriftlege rutinar for ytre miljø
- Utsleppskontroll
  - Drift og vedlikehald av sandfang og oljeutskiljar
  - Handtering av overvatn
  - Overvatn i kontakt med avfall
- Krav i løyva

## 3. Oppfølging etter inspeksjonen

Verksemda pliktar snarast å rette opp avviket som er omtalt i denne rapporten. For at Fylkesmannen skal kunne avslutte saka, må de innan **1. juni 2017** sende ei skriftleg tilbakemelding med dokumentasjon som viser korleis avvik er retta, gjerne med billedokumentasjon.

## 4. Kontrollgebyr

Fylkesmannen varsla i e-post 6. februar 2017 at Franzefoss Gjenvinning AS avd. Knarrevik vil få eit gebyr på 14 600 kroner for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta § 39-7. Dette er gebyrsats 3. Faktura blir ettersendt frå Miljødirektoratet.

De har rett til å klage på valet av gebyrsats innan tre veker etter at de har fått denne rapporten, jf. forvaltningslova § 28. Klagen må innehalde den eller dei endringane de ønskjer. Den bør vere grunngjeven og skal sendast til Fylkesmannen.

## 5. Offentleggjering

Denne rapporten vil vere tilgjengeleg for ålmenta via Fylkesmannen i Hordaland sin postjournal på [www.fylkesmannen.no/hordaland](http://www.fylkesmannen.no/hordaland), jf. offentleglova.

## 6. Dokumentunderlag

- forureiningslova
- produktkontrollova
- forureiningsforskrifta
- avfallsforskrifta kapittel 11 om farleg avfall
- internkontrollforskrifta
- Utslippstillatelse for Franzefoss Gjenvinning AS datert 4. mars 2005
- Tillatelse til mottak og behandling av EE-avfall for Franzefoss Gjenvinning AS avd. Knarrevik datert 13. mars 2013

Informasjon om regelverket finn de på [www.miljodirektoratet.no](http://www.miljodirektoratet.no) og [www.regelhjelp.no](http://www.regelhjelp.no).

### Definisjonar

- **Avvik:** brot på krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og sikkerhetslovgjevningen (til dømes brot på krav i forureiningslova, produktkontrollova og forskrifter heimla i desse lovene eller krav og vilkår fastsett i løyve eller dispensasjonar).
- **Merknad:** eit forhold som miljøvernstyresmaktene meiner det er nødvendig å påpeike for å ivareta helse og miljø og som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

## 7. Avvik

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

### Avvik 1: Internkontrollen er mangelfull for ytre miljø

#### Avvik frå:

Internkontrollforskrifta § 5 andre ledd punkt 6 og 7

#### Kommentar til regelverket:

##### *Rutinar*

Verksemda skal setje i verk rutinar for å avdekke, rette opp og førebyggje brot på krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og sikkerhetslovgivinga.

##### *Miljørisikovurdering*

Verksemda skal kartleggje farar og problem og på denne bakgrunn vurdere risiko, og utarbeide tilhøyrande planar og tiltak for å redusere risikoforholda

#### Avviket er basert på følgjande observasjonar:

##### *Rutinar for drift av sluk og sandfang*

Det var uklart kven som har ansvar for drift og vedlikehald av sandfang på uteområdet til verksemda, og det mangla dokumentasjon på tømning av sandfang.

Den eine sluken på uteområdet var nesten full og det var synleg avrenning av olje til sluken. Verksemda opplyste at oljen sannsynlegvis kom frå ein bil som hadde leke olje på plassen.

#### *Miljørisikovurdering*

Det låg to vasslangar som spylte vatn inn i sorteringshallen med fare for at det blanda seg med avfallet. Verksemda opplyste at vasslangane stod på kontinuerleg på kalde dagar for å unngå at vatnet i slangane fraus. Dette var ikkje risikovurdert.

Verksemda opplyste at forhold som ikkje har risiko for forureining eller som dei meiner ikkje finst på anlegget, er vurdert til ikkje å vere nødvendig å ta med i miljørisikovurderinga. Dette gjeld til dømes støv, lukt og støy. Desse elementa mangla derfor skriftleg i miljørisikovurderinga, og det kan dermed sjå ut som om dei ikkje er risikovurdert.

## **8. Merknader**

Vi har ikkje gitt merknader under inspeksjonen.

## **9. Andre forhold**

#### *Behov for revidering av løyve*

Løyvet etter forureiningslova for drift av sorteringsanlegget er datert 4. mars 2005 og over 10 år gammalt. Det er ikkje i samsvar med dagens standard. Verksemda opplyste at dei ikkje driv med behandling av EE-avfall og at løyvet til mottak og behandling av EE-avfall datert 13. mars 2013 ikkje er etter dagens drift. Løyva treng revidering til dagens standard og Fylkesmannen vil på same tid slå dei to gjeldande løyva saman. Vi avtalte at verksemda skal vurdere å sende inn søknad. Viss ikkje Fylkesmannen har fått søknad innan 1. juni 2017 tek vi initiativ til å revidere løyve slik det er i dag.

#### *Anlegg for behandling av farleg avfall*

Verksemda har opplyst at dei ikkje behandlar farleg avfall og at dei har vore i kontakt med Miljødirektoratet om at Fylkesmannen skal ta over oppfølging av løyve for mottak og lagring av farleg avfall datert 6. juni 2013. Dette var også eit tema på møte mellom Fylkesmannen og verksemda 10. januar i år. På tilsynsdagen avtalte vi at Fylkesmannen skal kontakte Miljødirektoratet om overtaking av løyve. Fylkesmannen melder frå til verksemda så snart Miljødirektoratet har teke ei avgjerd i saka.

#### *Måle på tungmetall*

Verksemda opplyste at dei planlegg å måle tungmetall i utslepp frå oljeutskiljar knytt til lager for stål og metall.